

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Fylkesordføreren gav slikt svar:

«Fylkesordføreren viser til følgjande spørsmål til fylkesrådmannen frå representanten Pål Kårbø:

« KrF er kjend med at opptak på særskilt grunnlag innan 1. februar frå no kun kan gjerast digitalt. Isolert sett er dette positivt. Utfordringa er at private skular som frivillig er med i VIGO (her gjeld det Danielsen Vgs og St. Paul Vgs) ikkje har tilgang til dette digitale systemet, og elevvar på særskilt grunnlag kan difor ikkje søkja desse.

Mitt spørsmål er då : Korleis kan denne utfordringa løysast, slik at også desse elevane har eit reelt fritt skuleval? Kan private skular i VIGO innvilgast digital tilgang? evt kan HFK framleis tillate «søknader på særskilt grunnlag» på papir til desse 2 skulane?»

Hordaland fylkeskommune jobbar for å digitalisere inntak til vidaregåande skule. I år har vi også teke i bruk digital søknad på 1. februar-inntaket. Sjølv om inntaket vårt er digitalisert, tek vi sjølv sagt imot søknader både til 1. mars og 1. februar på papir.

St. Paul gymnas og Danielsen videregående skole er etter eige ønskje med i inntaket gjennom Vigo. St. Paul gymnas har vore med frå skulen starta opp i 2012. Danielsen videregående skole er med for første gong ved årets inntak.

Inntak til private skular er regulert av friskulelova. Dei private skulane skal ha sitt eige inntaksreglement sjølv om dei er med i Vigo-inntaket. Ved forhandlingane med Danielsen videregående skole hausten 2018, vart det avtalt at også 1. februar-søkjjarane skulle søkje gjennom Vigo. Gjeldande avtale med St Paul gymnas vart ikkje endra tilsvarande. Ved inntaket i 2018 fekk fylkeskommunen nokre 1. februar-søknader til St. Paul gymnas. Desse vart vidareformidla til skulen. Dette vil vi også gjere i år, og samstundes har vi etter avtale med skulen opna for digital søknad frå 28.01.19.

Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at søknad gjennom Vigo til 1. februar-inntaket for private skular ikkje betyr at søknadene vert handsama av fylkeskommunen. Søknadene med vedlegg vert vidareformidla til skulen som må vurdere kven dei vil ta inn. Bakgrunnen for det er at dei private skulane har ulike kriterier for kven som får plass etter søknad til 1. februar-inntaket. Dette skal vere regulert i skulen sitt inntaksreglement.»